FOTBALL - TURN - HANDBALL OG FRIIDRETT

Bremnes Idrettslag, Idrettsveien 87, 5430 Bremnes - Tlf 53421666 - Epost: bil@bremnesil.no

# *Protokoll til styremøte i Bremnes Idrettslag*

Møtenummer: 10/2024
Dato: 03.10.2024
Kl: 18:30
Stad: Bestaståvo
Innkalla: Kristian Husø Østensen, Tine Pernille Mortvedt Olsen, Stian Steinsbø Lie, Silje Tysse Fylkesnes, Kristina Nesse, Tord Isaksen, Tore Natterøy, Lene Borgen Waage, Kjell Arne Ådnanes, Lennart Andal (Vara), Johan Bjelland Håstø (Vara), Torbjørn Agdestein (ADM), Frode Sortland (ADM)
Ikkje Møtt: Tine Pernille Mortvedt Olsen, Kjell Arne Ådnanes, Lennart Andal, Johan Bjelland Håstø

**Saksliste:**

| Saksnr. | Sak | Type | Ansvarleg | Tid satt av |
|---|---|---|---|---|
| 58/24 | Godkjenning av innkalling/forrige referat (protokoll)<br>*Innkallinga og protokoll godkjent og protokoll legges ut på heimesida* | V | Kristian | 3 min |
| 59/24 | Info/saker frå Administrasjonen<br>- Frivillighetens dag<br>*ADM tok med forslag frå Viergo på gåve til trenarar/styremedlem i BIL. Enighet om å gå for den eine pakken.*<br>- Budsjettarbeid for 2025<br>*Undergruppene må byrjar med budsjettarbeid for 2025 og må ha sitt forslag klart til desembermøtet. ADM tar kontakt med Arild om å få sendt rekneskap ut til undergruppene og ber om ein gjennomgang av dei ulike postane ilag med budjettansvarlige i gruppene.*<br>- Vakthald romjulscsdans<br>*ADM informerte om romjulsdansen 28 desember og nødvendigheten for vakthald.* | O/V | ADM | 10 min |
| 60/24 | Økonomi<br>*Gjennomgang av rekneskap pr 31.08.* | O | Stian | 10 min |
| 61/24 | Kort oppdatering frå avdelingane:<br>*Friidrett:*<br>*Ferdig med siste utestevne. Jette Furnes er blitt med som ungdomstrenar. Me flyttar treningane inn etter haustferien.*<br>*Fotball:*<br>*Introdusert Adrian til klubben og arbeidsoppgåvene hans. Han er i gong med planlegging av FFO/Akademi. Det blir mykje jobb dei neste månadane. Utfordringar med å få trenarkabalen til å gå opp. Det blir ein viktig jobb i nærmaste framtid: Kor ein melder lag på mtp rett nivå på liga. Komplisert arbeid, mykje å tenka på. Fotball jobbar med å utarbeide eit "Foreldrevett" skriv.* | O/V | Lene, Tord, Tore | 10 min |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | *Turn:*<br>*Julaframsyning 24. november. Fortset suksessen med julabord for trenarar, og det blir arrangert ein pizzakveld den 18. oktober. Me sender admin på Dagleg Leiar samling på Gardermoen i november. Viktig å bygga kontaktnettverk og visa at me meiner alvor med veksten vår. Det er fullt på mange av gruppene våre med ventelister. Sender trenarar på Trampett 2 kurs om 2 veker. Me blir lagt godt merke til nasjonalt. Me har fått til avtale med film-makar om promovideo til GFiV. Me vil gjerna at nokon lagar ein ny Bremnes-song som er meir passande for alle idrettar. Det går generelt veldig bra i turnavdelinga. Toppnivået vårt er no på høgde med dei beste i Bergen.* | | | |
| 62/24 | Utstyrsavtale<br>- Komiteens innstilling<br>*Kristian Østensen inhabil i denne saka.*<br>*Komiteen la fram si innstilling.*<br>*Alle stemte for Sport 1 som vår neste utstyrsforhandler med Adidas som leverandør.*<br>*Vedtatt.* | V | Alle/ADM | 35 min |
| 63/24 | Klubbhus<br>- Gjennomgang av tilbod<br>*ADM snakka gjennom tilboda som var komt inn. Enighet om at det kalles inn til ekstraordinært styrevedtak om dette snarest slik at ADM kan ta prosessen vidare. Avstemminga skjer på mail.*<br>*Stian, Tore og Silje ser seg inhabile i saken og vert ikkje med i avstemninga.* | O | ADM | 25 min |
| 64/24 | Eventuelt:<br>- Nøkkelboks i hallen<br>*Turn ønsker å ha ein nøkkel til døra mellom hall og foaje tilgjengelig.*<br>- Samarbeid Friidrett BIL-MIL<br>*Moster ønsker eit samarbeid i friidretten. Friidrett ønsker å ha eit møte med moster i lag med administrasjonen for å få konkretisert kva ønsker dei har.*<br>- *Oppdatering frå SIA styremøte*<br>*SIA hadde styremøte tysdag 1.10 Dorfin søknad skal ut no. Kastfeltet er med i søknaden. Omega lagar klar søknaden. Planen er å begynne innerst med grasbanen og jobbe seg utover. Hovudstyret ønsker at prosjektgruppa legg fram prisane når dei kjem inn.* | O/V | Alle | 10 min |

Type saker: Vedtakssak=V, Orienteringssak=O,

Dersom nokon av styremedlemmane ser seg som inhabil i ei sak, ber ein om at dette meldast styreleiar så raskt som mogleg.

Kristian Husø Østensen
*Leiar hovudstyre*